

Informasjon om nasjonale prøver 2015

- til foreldra

Kvifor nasjonale prøver?

Nasjonale prøver blir brukte til å *vurdere* og *utvikle* elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og faget engelsk. Prøvene i lesing og rekning er ikkje prøver i faga norsk og matematikk, men i lesing og rekning som grunnleggjande ferdigheiter på tvers av fag. Prøvene i engelsk måler mellom anna leseforståing, ordforråd og grammatikk.

Kven skal gjennomføre kva for prøver?

Elevar på 5. og 8. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk. Elevar på 9. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing og rekning. Desse prøvene er dei same som for 8. trinn, slik at skolar kan samanlikne resultatata for 8. trinn med resultatata frå 9. trinn same år.

Hovudregelen er at alle elevar skal delta. Elevar med rett til spesialundervisning eller rett til særskild norskopplæring kan få fritak frå nasjonale prøver. Desse elevane skal ikkje automatisk få fritak. Dei kan berre få fritak dersom det er klart at prøveresultatet ikkje vil ha mykje å seie for deira vidare opplæring. Sjølv om ein elev har rett til fritak, kan eleven sjølv eller foreldra likevel bestemme at eleven skal gjennomføre prøva.

Kva slags oppgåver skal elevane løyse?

Prøvene i rekning og engelsk er elektroniske prøver, mens prøvene i lesing er papirprøver. Prøvene består av ulike tekstar, bilete og oppgåver med spørsmål. På opne oppgåver skal elevane svare med eigne ord eller med tal, mens fleirvalsoppgåver inneber at eleven skal velje eitt av fleire svaralternativ. Prøvene er sette saman av lette, middels og vanskelege oppgåver for å gi informasjon om elevane sine ferdigheter på alle nivå. På www.udir.no er det eksempel på oppgåver som blir brukte i dei nasjonale prøvene. Her ligg òg fjorårets elektroniske nasjonale prøver i engelsk og rekning.

Bruk av resultatata

Eleven og foreldra skal få tilbakemelding frå læraren om resultatata frå prøvene når resultatata er klare. Resultata skal ikkje brukast til å setje karakterar, men skal gi eit grunnlag for å vurdere kva elevane bør arbeide meir med. Resultata skal ein sjå i samanheng med annan informasjon om elevane, og dei skal brukast i arbeidet med tilpassa opplæring og undervegsvurdering. Skolen kan informere om korleis dei arbeider med å følgje opp resultatata for barnet ditt.

Lærarane, skoleleiinga og Utdanningsdirektoratet har tilgang til resultatata på elevnivå. Alle har teieplikt om prøveresultatata til dei einskilde elevane, og det er strenge krav til at elevane sitt personvern blir sikra. Resultata frå prøvene blir brukte i analysar som skoleeigaren og skoleleiaren skal bruke i arbeidet med å utvikle kvaliteten på skolane.

Utdanningsdirektoratet kan gi forskarar tilgang til resultatata. Før vi gir tilgang, gjer vi ei interesseavveging mellom elevane sitt personvern og den interessa samfunnet har av forskingsprosjektet.

Når skal prøvene gjennomførast hausten 2015?

For 5. trinn skal nasjonale prøver gjennomførast frå **12. oktober** til **23. oktober**.
For 8. og 9. trinn skal prøvene gjennomførast frå **14. september** til **9. oktober**.

Har du spørsmål?

Ta kontakt med skolen din eller les meir om nasjonale prøver på våre nettsider:
www.udir.no/nasjonaleprover